

FLOMSIKRING AV OPO

Etter storflaumen i 2014 vart sikring av gard og grunn langs Opo sett på dagsorden. NVE har planlagt og finansiert mykje av sikringsarbeidet langs elva. Dei meiner at dette skal gjera at elveløpet toler 1040 m³/s, men dette vil dei på ingen måte garantera.

Det er mange av brukarane langs elva som tviler på at 1040 m³/s går bra, for ikkje å snakka om 500-1000 års flaumen på 1200-1400 m³/s. Elveigarlaget meiner at ein slik flaum må vi gjera alt for å førebyggja. I nedre del av Opo er det fare for nye store utgravingar i landskapet og skadar på bebyggelsen. Rundt Sandvinsvatnet vil ein få store overfløymingar som vil gje store skadar på bustadhus og driftsbygningar, og som vil vanskeleggjera gardsdrifta.

SKL har i samarbeid med Odda kommune planlagt ei løysing på problemet. Dette har føregått over fleire år, og alle involverte partar har vore invitert til samarbeid og informasjon. Denne løysinga vil SKL finansiera. Det skal ikkje kosta Odda kommune, storsamfunnet eller skattebetalarane noko å finansiera dette. Odda vil til og med få tilført konsesjonskraft ved tiltaket.

SKL vil finansiera flomtunnelen ved å montera ein turbin i enden av vass-strengen. For Odda er det til dags dato ikkje presentert eit tilfredsstillande alternativ til ein flomtunnel.

Motstandarane av flomtunnel med turbin hevdar at alternativet er tunnel utan turbin.

Vi synest at dei som høglydt hevdar eit slikt standpunkt, tar på seg ei stort ansvar. Det er ingen som har peika på nokon andre som er villige til å betala for dette. Takkar Odda nei til SKL sitt tilbod, vil vi stå igjen utan noko tilfredsstillande flomsikring for ettertida.

I dag stiller storsamfunnet store krav til både biologar og ingeniørar når dei skal gjera inngrep i eit vassdrag. Det er ingen som lenger får lov å øydelegga biologien i eit vassdrag. Som elveigarar ser vi også eit stort potensiale ved å få ei meir stabil vassføring i elva. Dette gjer at vi lettare kan gjera heile elva lakseførande, og utnytta gyteforholda i øvre del av elva.

16.11.2017

Grunneigarar på Mannsåker/Vasstun